



Israels tabernakel



Av Gunstein Nes

Stor spalteplass

Ein kan undra seg over at Herren har gjeve så stor spalteplass i sitt ord til Israels tabernakel. Frå 2 Mos 25 og utover finn vi kapittel etter kapittel som skildrar materialar, mål, vekt, fargar, plassering, funksjon med meir. Det er klart at Moses og bygningsfolka trong alle detaljane dersom dette spesielle teltet skulle bli nøyaktig slik Herren ville. 2 Mos 25,9. Men var det nødvendig at alt dette skulle få plass i Mosebøkene?

Det nye testamente (NT) fortel at alt som er skrive før (dei gammaltestamentlege skriftene, GT) er skrive til lærdom for oss. Rom 15,4. Vidare at tabernaklet er bilete av himmelske ting. Hebr 9,22. – «*Ein heilagdom som er eit bilete og ein skugge av den himmelske.*» Hebr 8,5. Spesielt Hebrear brevet opnar opp for dei åndelege sanningar som ligg gøymde i desse innhaldsmetta avsnitta i GT.

Det viser seg altså at her ligg mykje meir enn historie og lover for gudstenesteliv i det gamle Israel. Her er lærdomar vedrørande vår frelse. Det er skrive omfattande bøker om tabernaklet og det som hende i gudstenestelivet der. Her kan vi berre kort koma inn på nokre ting.

Ein møtestad

Etter å ha lese korleis Gud i 2 Mos 19-20 openberrar seg på Sinaifjellet i samband med lovgjevinga, kan ein lett tenkja at det er uaktuelt at den heilage Gud og det syndige folket kan koma tett saman. Tung sky, lyn og torebrak, røyk som frå ein smelteomn, tiltakande basunlyd, jordskjelv, grensesetjing for folket rundt fjellet - alt slikt skulle tilseia at *avstand* er stikkordet.

Det er slik sett overraskande at Herren i 2 Mos 25,8 seier til Moses: «*Lat dei byggja ein heilagdom for meg, og eg vil bu midt imellom dei.*» - Den heilage Gud - bu midt imellom det vanheilage folket? -Ja, og som vi snart skal sjå, dette skjer på blodet sin grunn. Namnet

møteteltet eller «sammenkomstens telt» understrekar nettopp at her vil Gud koma saman med folket. «*Sidan vil eg koma saman med deg der.*» 2 Mos 25,22.

Det er først og fremst ein skugge av Jesus vi ser her. Apostelen Johannes fortel om han: «*Og Ordet vart kjøpt og tok bustad hjå oss, og vi såg herlegdomen hans, ein herlegdom lik den ein einboren Son har frå Far sin, full av nåde og sanning.*» Joh 1,14. (Fleire engelske oversetningar skriv: tabernacled among us). Mange i Israel såg berre tømmermannssoenen frå Nasaret og meinte at «*han hadde ingen skapnad og ingen herlegdom*», men nokre kom nærare og såg herlegdomen hans. Heller ikkje det ytste laget på tabernaklet sin teltduk var særleg imponerande, men den som fekk sjå inn i heilagdomen, såg det fargerike kunstverk med himmelske ting. Som det er skrive om Jesus i Kol 1,19f: «*Det var Guds vilje å la heile fullnaden sin bu i han og forlika alle ting med seg sjølv ved han då han gjorde fred ved blodet på krossen hans*».

Heilag og nådig

No er det ikkje slik at Gud forandra seg eller forandra meining mellom kapittel 20 og 25 i 2 Mos. Nei, den heilage Gud som ikkje tåler synd, finn vi også i tabernaklet. Den nærare 2,5 meter høge veggen (5 hebraiske alner), eit omheng av kvitt lin rundt føregarden, understrekar at ingen utan vidare kjem inn i den heilage Guds nærleik. Men Gud, som ville koma saman med folket, sytte for at det vart laga ein port på austsida.

Jesus seier: «*Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan ved meg.*» Joh 14,6. Og vidare: «*Eg er døra. Om nokon går inn gjennom meg, skal han verta frelst*». Joh 10,9.

Den heilage og rettferdige Gud har i sitt eige råd og etter sin vilje opna ei nådedør for oss menneske. Desse evangeliske sanningar har Gud lagt inn som skuggar og førebilete i

Mosebøkene. Han har jo valt oss ut i Kristus før verda vart grunnlagd. Ef 1,4.

Ordet om krossen i GT

Som vi alt har nemnt, finn vi mykje Jesus i samband med tabernaklet. Dei sju gjenstandane som skulle plasserast der, dannar risset av ein kross. Den første finn vi like innanfor porten, eit altar av kopar (eller bronse), brennofferaltaret. Vidare finn vi eit vaskekar av kopar, nærare inngangen til sjølve teltet. Inne i det første av dei to romma, finn vi på same rette linja eit gullaltar, røykofferaltaret. I det innerste rommet, det høgheilage, skulle paktkista som også var dekkja med gull, plasserast. Oppå denne kista skulle soningsloket av reint gull, nådestolen, setjast. Desse fem gjenstandane peikar på det loddrette treet i krossen. I det fremste rommet, det heilage, skulle det vera to gjenstandar til, ein sjuarma gull-lysestake på sørsida, og eit bord av akasietre, dekkja med gull, på nordsida. Dette utgjer tverrbjelken i krossen. Av uteljande måtar å plassera desse gjenstandane på, valde Herren ei løysing som gjer at det heile blir «ordet om krossen», det som for oss som vert frelste, er ei Guds kraft. 1 Kor 1,18. Så sterkt er alt som skjer i gudstenestelivet i Israel knytt til evangeliet om Jesus.

Krossen blir også synleg i måten Gud plasserer Israels-bornar på når dei skal slå leir rundt tabernaklet. 4 Mos 2. Tre ætter blir plasserte i kvar av dei fire himmelretningane. Talet på dei menn som var mønstra til hæren, er både på nord- og sørsida vel 150 000 (familiane deira kjem i tillegg). På vestsida er talet 108 100 og på austsida 186 400. Dette dannar ein kjempekross i øydemarka.

Koparaltaret

Det første som møter eit menneske som nærmar seg heilagdomen, er koparaltaret og dyr som blir ofra der. Vi er altså «ved korsets fot», som det heiter i enkelte songar. Altaret,

laga av akasietre og dekkja med koparplater, ser vi som eit bilete på Jesus i hans lidning og død. Den kvite, sterke veden peikar på vår frelsar som det reine, fullkomne menneske. Koparen, som i Bibelen står for dom, og som fullstendig dekker akasietreet, minner oss om 2 Kor 5,21: «*Han som ikkje visste av synd, har han (Gud) gjort til synd for oss, så vi skal verta rettferdige for Gud i han*».

- Vi skal bli Guds rettferd i han, står det eigentleg. Som det syndfrie mennesket, Jesus frå Nasaret, vart dekkja fullstendig med vår synd og slått av Gud, slik blir vi syndige menneske ved trua på Jesus fullstendig dekkja av guddommeleg rettferd, absolutt reinleik. – «Ren og rettferdig, himmelen verdig, er jeg i verdens frelser alt nu.»

Også det som *blir utført* ved koparaltaret, ikkje minst på den store soningsdagen (3 Mos,16), understrekar tydeleg denne sanning. Der, eit stykke frå sjølvte telt-heilagdommen, dør ein uskuldig bukk i staden for syndige israelittar. På ein kross som var reist her på vår jord, ikkje i himmelen, dør Jesus i staden for meg og deg. Blodet av «sydebukken» i GT blir boren inn i heilagdomen og skvett på nådestolen der Gud tronar over kjerubane. Om Kristus står det: «*Ikkje med blod av bukkar og kalvar, men med sitt eige blod gjekk han inn i heilagdomen ein gong for alle, og fann ei evig utløysing*.» Hebr 9,12. «*Han gjekk inn i sjølvte himmelen, der han no openberrar seg for Guds åsyn for vår skuld*. Hebr 9,24b.

Vaskekaret

Koparaltaret og ofringa der er heilt avgjerande for alt det andre. Den reinsing av prestane som er omtalt i samband med gjenstand nummer to, vaskekaret av kopar, heng ikkje i lause lufta. Det er interessant å sjå at Paulus som har så mange og ulike tema han tek opp med dei kristne i Korint, nettopp til dei skriv: «*For eg ville ikkje vita av noko hjå dykk, utan Kristus Jesus, og han krossfest*.» 1 Kor 2,2.

NT viser oss at liksom øvstepresten Aron er eit førebilete på Jesus, er Aron sine søner, prestane, eit førebilete på alle oss kristne –

med den forskjell at vårt privilegium er å ha tilgjenge heilt inn i heilagdomen, ikkje berre fram til eit forheng. Hebr 10,19ff; 4,16; 1 Pet 2,9. – «*Lova har jo berre ein skugge av dei goda som skulle koma, ikkje tinga sjølvte slik dei verkeleg er*.» Hebr 10,1. Det er ei mektig tilbeding av Jesus, Lammet, i Op 5,7-10, fordi han har gjort oss til slike prestar.

Vaskinga av prestane i GT var todelt. For det første skulle Moses vaska dei ved innsetjinga, for å gje dei *retten* til å tena som prestar, eit bad av heile kroppen. 2 Mos 29. Vidare skulle prestane sjølvte kontinuerleg vaska hendene og føtene før dei tok til med den daglege tenesta – for å gjera dei skikka for tenesta. 2 Mos 30,17.

Guds ord er for oss dette reinsingsmidlet. NT seier at Kristus reinsa kyrkja «*ved vassbadet i Ordet*» og at Gud «*frelste oss ved badet til atterføding og fornying ved Den heilage ande*.» Ef 5,26; Tit 3,5.

Også etter omvending, tru og dåp er det nødvendig med reinsing – for å «*leggja av.. synda som heng så fast ved oss*.» Hebr 12,1ff.

Det er dette Jesus talar med Peter om siste kvelden då han understrekar kor nødvendig fotvaskinga er. Men etter dette presiserer han: «*Den som er lauga, treng ikkje vaska anna enn føtene, han er då heilt rein*». Joh 13,10.

Lysestaken, bordet og altaret av gull

Tre gjenstandar var plasserte i det rommet som vart kalla Det heilage. Som med alle gjenstandane inne i dei to romma i teltet, var dei laga av gull eller akasietre dekkja med gull. Det er himmelske ting og talar først og fremst om Jesus slik han no er herleggjort i himmelen. Berre kort kan vi her nemna nokre ting.

Skodebrødsbordet, som det blir kalla, var laga av akasietre og dekkja heilt med gull. På bordet skulle det leggjast tolv brød – for Guds åsyn i sju dagar. 2 Mos 25; 3 Mos 24. Truleg er dette ein skugge av korleis Gud no i Kristus ser oss og er fullkommen tilfreds med det han ser – resultatet av at kveitekornet fall i jorda og døydde. At prestane etter dei sju dagane skulle eta desse brøda, peikar på at vi som kristne også kan tileigna oss og nytta det vi er i Kristus. «*Våg å være den du i Kristus er!*», syng vi.

Lysestaken av reint gull var sjuarma og hamra kunstferdig ut av éin klump. 2 Mos 25; Det var sju oljelampar på toppen som skulle lysa opp i teltet. Jesus proklamerer i Joh 8,12: «Eg er ljuset for verda!». Men Jesus seier også til sine læresveinar: «De er ljuset i verda!» Matt 5,14. I livssamfunnet med Jesus blir også vi menneske lysbærarar i verda. Det er interessant å sjå at dei sju kyrkjelydane i Asia er framstilte som gull-lysestakar, og at midt mellom dei er Jesus. Op 1,10ff. Som øvstepresten Aron hadde ansvar for å stella med oljelampene slik at dei lyste fint, slik tek vår store øvsteprest seg av oss som trur. 3 Mos 24.

Gullaltaret i tabernaklet skulle brukast til å brenna røykjelse på. 2 Mos 30. Ein god ange skulle stiga opp for Guds åsyn ved denne tenesta til Aron. At dette handlar om bønner, ser vi i Sal 141,2 der David seier: «*Lat mi bøn gjelda som røykoffer for ditt åsyn!*». Sjå òg Op.5,8 der det er tale om gullskåler i himmelen, fulle av røykjelse – som «*er bønene åt dei heilage*».

Det er mange flotte ord i NT som talar om at Jesus går i forbønner for oss, mellom anna Hebr 7,25: «*Difor kan han òg fullkomeleg frelsa dei som kjem til Gud ved han, då han alltid lever for å gå i forbøn for dei.*» Sjå òg Rom 8,34 og 1 Joh 2,1f.

Paktkista og nådestolen

Desse spesielt viktige gjenstandane, omtalt i 2 Mos 25, har vi tidlegare nemnt i samband med

den store soningsdagen i 3 Mos 16. Oppe i kista var mellom anna to lovtavler plasserte. Det var dei Moses fekk etter å ha knust dei to første då folket dansa rundt gullkalven og braut den inngåtte pakt. No var det paktkista som tok vare på dei. Jesus er det einaste menneske som til fulle har hatt si lyst i Herrens lov. Ei krukke med manna og Arons stav som hadde blømt, var òg plasserte i kista. Også desse peikar på vår frelsar, han som sa: «Eg er livsens brød» og som er den som Gud gav livet tilbake då han reiste han opp på den tredje dagen.

På nådestolen, soningsloket, var det plassert to kjerubar, to vitne som skulle følgja med på at forsoninga skjedde på eit rettferdig grunnlag.

I det veldige avsnittet om rettferdiggjering ved tru på Jesus, i Rom 3,21ff, knyter Paulus forsoninga på krossen til det som skjedde på forsoningsdagen i GT: «*Han stilte Gud fram i blodet hans som ein nådestol ved trua, for å syna fram si rettferd*». Det einaste menneske som hadde «teke vare på lova» døyr for syndarar, og alle ærlege vitne må erkjenne: Gud rettferdiggjer ugudelege – på eit rettferdig grunnlag. Det handlar om den nye pakta som Jer 31,31 talar om.

Mellom anna på grunn av dei guddommelege førebileta i samband med tabernaklet, må vi bryta ut med Paulus: «*Det er eit truverdig ord, fullt verdt å ta imot: Kristus Jesus kom til verda for å frelsa syndarar!*» 1 Tim 1,15.